

# ÅRSMELDING OS KAMMERKOR 2016

Tillitsvalde 2016 etter årsmøtet 22.januar vart konstituert slik

Leiar:	Kari Mikalsen
Økonomiansvarleg:	Dag Berge ( valt for eit år)
Skrivar:	Eirik Lyssand (valt for to år)
Styremedlem:	Heidi Sælen ( valt for to år)
Varamedlem:	Ann-Charlotte S. Midtsæter
Andre verv:	
Revisor	Kari Heggland
Rekneskapsfører:	Leif Ragnar Tveit
Noteforvaltar:	Torill Hellebø
Flaggansvarleg:	Kari Heggland
Nettsideansvarleg:	Marianne R. Kramer
Valnemnd:	Gunnbjørg Søfteland, Ragnhild Veim Lyssand og Leif Ragnar Tveit
Musikkutval	Aagot Moberg, BjørnEgil Møen-Knudseth, Harald Lyssand og Bergljot Lyssand Bjørø
Vara:	Hanne Westgaard Lund

## Medlemssituasjonen:

Det har vore lite utskifting i medlemsmassen i 201. Vi eldes i lag. Anne kom att og styrkar tenorane.

Vi var pr 31.12 2016: 13 sopraner

8 alter

5 tenorar

4 bassar

Pr 31.12.2016 var vi medlemar. Wenche Valen var pr tidspunkt i permisjon.

## Øvingar:

Det var i vårsemesteret 22 onsdagsøvingar samt øvingshelg 10.-12.juni.

Onsdag 13. april var vi med på korkafe med Unnelandskoret på Unneland

Laurdag 21.mai var vi med og sang i Oseana i samband med Os mannskor sitt songarstemne på Os. Om kvelden var det fest på Nore Neset.

I haustsemesteret hadde vi 17 onsdagsøvingar samt øvingshelg 26.-27.august

Øvingane har i hovudsak vore på Os Barneskule. Kaffi, kaker og vinlotteri blir halde ein gong for månaden. Ansvar går som vanleg på omgang mellom gruppene.

Det var fleire ekstraøvingar i Oseana i samband med jubileumskonserten» Os Kammerkor 40 år – frisk og freidig» som vart halde 30.september. Konserten vart vellukka med 220 tilhøyrarar. Repetoaret gav eit tverrsnitt av det Kammerkoret har presentert opp gjennom åra.

Onsdag 14.desember hadde vi julekonsert i Os kyrkje med 60 betalande tilhøyrarar. Gjestekor var Brage mannskor frå Bergen

#### **Dirigent:**

Vi var utan dirigent i byrjinga av januar inntil Ann Elisabeth Tveit melde seg til teneste. Ho har leia oss med stor entusiasme og engasjement gjennom jubileumsåret. Ho har vore eit løft for oss med sine sangpedagogiske kunnskaper.

#### **Styremøter:**

Det har vore 6 styremøter i perioden. Mykje av arbeidet har vore retta mot jubileumskonserten den 30.09. og julekonserten 14.12. Vi har vore saman med musikkutvalet på dei fleste møta. Det har vore greitt samarbeid, og ansvarsdeling med mykje uformell kontakt på og utanfor øvingane.

#### **Arrangement og konsertar der Kammerkoret har delteke i 2016:**

- April: Korkafe på Unneland med Unnelandskoret
- Mai: Deltaking på Songarstemne i Os, arrangør Os mannskor
- 30.09: jubileumskonsert 40 år. Inviterte gjestar : Tilslørte Bondepiker, Old Timers Bigband, Dansarar frå kulturskulen samt Patricia Langeland og Julia Erstad. Konferansier: Mari Lyssand
- 30.10: Deltaking på basar på Søre neset skule i regi av Søre Neset musikklag. Jan Ove steppa inn som dirigent i dette høve
- Kammerkoret song to songar i gravferda til Kåre Perry Solibakke.
- 14.12: Julekonsert i Os Kyrkje. Gjestar Mannskoret Brage.

## **Økonomi:**

Største inntektskjelde for koret har vore som før medlemskontingent samt flagging for kommunen i Os sentrum. Vi har i tillegg fått flagging i Røde Kors huset i Kolskogen. Kari Heggland har organisert flagginga på ein god måte – takk til Kari.

Jubileumskonserten i Oseana var eit løft for Koret, men det møtte fram nok tilhøyrarar til at dette saman med tilskot frå Os kommune gav overskot

## **Avslutning:**

Styret har laga ein plan for aktivitet i 2017

Styret vil takke for gjennomgåande godt frammøte gjennom året, og vilje til å yte ein innsats for koret. Kari H. har igjen gjort ein framifrå innsats med å administrere flagginga, og medlemmane har tatt ansvar for å få flagga opp og ned til rett tid.

Jubileumskonsertane vart vellukka takka vere godt forarbeid og innsats.

Styret takkar for seg, og ser fram til ny sesong.

Januar 2017

Kari Mikalsen	Dag J Berge	Heidi Sælen	Ann-Charlotte S. Midtsæter
Leiar	økonomiansvarleg	styremedlem	varamedlem

Eirik Lyssand

skrivar